

Disposisjon for søknad om tilskudd til verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet 2017 (Kap. 1429 post 77)

Riksantikvaren ber om at søknaden disponeres etter punktene nedenfor. Søknaden bør være kortest mulig, men må gjerne utdypes i vedlegg. Nærmere opplysninger om tilskuddsposten til verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet finner dere på side 40 i Klima- og miljødepartementets rundskriv om tilskuddsordninger: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tilskotsordningar-for-2017/id2518919/>

1. Beskrivelse av prosjektet

- 1.1. Navn på prosjektet: Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet
- 1.2. Geografisk virkeområde: Industri – og kraftlandskap i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane
- 1.3. Prosjekttype: Forprosjekt, hovedprosjekt eller delprosjekt: Hovudprosjekt
- 1.4. Prosjekteier: Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane går inn som prosjekteigarar
Prosjektleder: Kjøp tenester
Rapporteringsansvarlig: Ikkje avgjort
- 1.5. Kontaktopplysninger:
Eva Moberg
fylkeskonservator, nærings- og kulturavdelinga
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Storehagen 1B, 6800 Førde
www.sfj.no | Eva.Moberg@sfj.no
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 90591452

2. Mål, organisering og forankring

- 2.1. Hovedmål og delmål for prosjektet:
Hovedmål og delmål for prosjektet: Å nytte infrastruktur knyta opp til den statlege satsinga Nasjonale Turistvegar til å opne opp for opplevingar om korleis kraftindustrien i vest har påverka landskap, levesett og økonomisk utvikling.
Reiselivarena
Strekningane som er plukka ut, ligg midt i reislivsarenaen FjordNorge. Saman med den teknisk-industrielle kulturarven er dette å sjå som innfallsporten til det moderne Noreg – naturarv og kulturarv foreina i opplevingar.

2.2. Organisering

Prosjekteigarar: Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar

Prosjektleiing: Kjøpt teneste etter utlysing av anbodskonkurranse. Prosjektleiinga må ha reiselivskompetanse.

Styringsgruppe: Ein politisk oppnemnd representant frå kvar av fylkeskommune samt ein representant frå Riksantikvaren (dersom RA ønskjer det). Prosjektleiinga møter i styringsgruppa.

Inter – regional koordinering fylkeskommunane mellom: Ein av fylkeskommunane tek på seg denne rolla på vegne av prosjekteigarane

Arbeidsgruppe: Tilsette frå fylkeskommunane

Referansegruppe: Bør ha brei samansetting med m.a. representantar frå:

- Vegvesenet
- Musea
- NVE
- Kraftbransjen
- Kraft- og reiselivskommunar
- Innovasjon Norge
- Bedriftsnettverk
- Forvaltalar av støtteordningar innan næringsutviklingsutvikling
- FjordNorge

23. Forankring i lokale og regionale utviklingsplaner og strategier: Går fram av søknad

3. Prosjektprosessen

3.1. Kort beskrivelse av prosesser, aktiviteter og tiltak med framdriftsplan

3.2. Samarbeid med andre aktører og opplegg for medvirkning

Utviklinga av Opplevingar i det vestnorske kraftlandskap vil krevje lokal mobiliserings og bevisstgjerings langs to aksar:

- Institusjonsmobilerings, dvs. mobilerings og involverings av kommunar og kulturinstitusjonar
- Aktørmobilisering (private tilbydarar av overnatting, mat og annan service) gjennom utvikling av nettverk og klyngesamarbeid

3.3. Suksessfaktorer og særlige utfordringer

Knyte til oss reiselivskompetanse i prosjektleiinga gjennom anbodskonkurranse.

Gjennom RA sin satsing på KIK har vi fått fram ressursar som kan nyttast i ei reiselivssamanheng, sikre ein bred representasjon og utnytte nettverks- og klyngetenking.

Utnyttingsgraden av tekniske kulturminner som ressursar for ein attraksjonsutvikling har vore for låg. Vi går inn på områder der ein i liten grad er oppteken av besøk og turisme, og stimulerer til nytenking. Ny næringsverksemd på tidlige einsidige industristader: Frå industri til opplevingar, side om side.

4. Resultater og effekter (forventet måloppnåelse)

4.1. Verdiskaping: Forventede resultater og effekter (økonomiske, miljømessige, sosiale, kulturelle)

Økonomiske: Gjennom samarbeid med reiselivsaktørar og auka merksemd på opplevingsressursen kraftlandskapet representerer vil vi skape auka reiselivstrafikk med høg tilbakeføringsgrad til lokalsamfunna og god overrisling på kulturinstitusjonar. Prosjektet vil nyttiggjere seg av dei lokale bedriftsnettverka og styrke det regionale klyngesamarbeidet.

Miljømessige: Den cruisebaserte fjordturismen skapar trengsel i høgsesong. Gjennom auka tilbod, spreing av turisttrafikk og ein arbeidsmetodikk som fokuserer på sesongutviding, vil prosjektet tilføre nye opplevingar for individuelt reisande og smågrupper og gje forsterka berekraft på

reiselivsutviklinga, ein fjordturisme 2.0. Ved å nytte eksisterande infrastruktur (samferdsle, transport, overnatting, service, musea, osb.) og leggja opp til opplevingar som i liten grad påverkar ytre miljø vil prosjektet gje eit avgrensa fotavtrykk.

Sosiale: Prosjektet vil nytte lokale aktørar og stadspesifikke ressursar. Denne metodikken vil skape eigarskap og gje identitet til produksjonen av opplevingane. I tillegg vil utvikling av heilårsprodukt skape fleire heilårs arbeidsplassar.

Kulturelle: Skape ruter i det vestlandske kraftlandskap og formidle samanhengar mellom natur og kultur. Auka tilrettelegging av kulturminneressursane og nyttiggjere kunnskap i formidling mot eit breiare publikum.

Effektar:

Den tradisjonelle norske turismen har noko einseitig fokusert på naturattraksjonane. Prosjektet vil vere med å styrke opplevinga av samanhengen mellom natur- og kulturarven. Dette kan eigne seg til formidling i ein reiselivssamheng. Ein effekt av prosjektet kan vere at folk får eit nytt perspektiv på korleis landskapet har vore nytta, frå jakt og jordbruk til moderne vasskraft og industriproduksjon. Sett i eit heilskapsperspektiv er dette innfallsporten til det moderne Norge.

Ei rekke av attraksjonane på ruta legg til rette for fysisk aktivitet som kan vere med å styrke folkehelsa, det gjeld til dømes røyrgatevandring og sykkelurar ved damanlegg og nedslagsområde.

42. Kulturminner: Forventede resultater og effekter for kulturminner, kulturmiljøer og landskap og forvaltningen av dem

Prosjektet vil utløyse industriarv som ressursar i utviklinga av nye opplevingsprodukt innan reiselivet.

Stat, fylkeskommunar og kommunar har gjennom målretta innsats kartlagt og teke vare på store kulturhistoriske verdiar i kraftlandskapet gjennom fleire forvaltingsstrategiar:

1. Norsk vassdrags – og energidirektorat (NVE) ivaretek ansvar for energisektorens kulturminne, presentert i temaplanane: Kulturminner i norsk kraftproduksjon, Kraftoverføringens kulturminner, Dammer som kulturminner.
2. Riksantikvaren gjennom tiltaket «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse» (KULA) der Hordaland har ferdigstilt sin rapport «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland».
3. Riksantikvaren og den regionale kulturminneforvaltninga gjennom satsing og program for tekniske og industrielle kulturminne.
4. Utviklinga av lokalt planarbeid gjennom «Kulturminne i kommunane» (KIK)

Samferdselssektoren har gjennom Statens Vegvesen si satsing «Nasjonale Turistvegar i Norge» utvikla «...18 kjøreturer gjennom vakker norsk natur der opplevelsen forsterkes med nyskapende arkitektur og tankevekkende kunst på tilrettelagte utsiktspunkt og rasteplasser.»

Prosjekt «Opplevingar i det vestnorske kraftlandskap» har som føremål å kapitalisere på desse satsingane gjennom å etablere koplingar mellom dei som verke til å utløyse synergjar for verdiane i det vestnorske kraftlandskapet i verdiskaping og reiselivsutvikling.

5. Kunnskapsutvikling og læring

Eit nytt felt for kunnskapsutviklinga vil vere å trekke landskapsperspektivet inn i kulturarvformidlinga som ressurs – korleis kraftproduksjonen har vore med å omforme landskapet. Innfallsvinkelen «landskap som ressurs» kan også vere med på å opne for nye typar formidling av viktige historiske samanhengar og i seg sjølv vere tolkingsnøklar til opplevingar på staden.

Potensiale til utvikling av nasjonalt nettverk og andre regionale ruter, td. Rjukan/Norodden.

5.1. Læringspotensial og læringsmål

Omsette kunnskap som allereie er utvikla (t.d. gjennom KIK og KULA) i reiselivsutviklinga på Vestlandet. Erfaringane som vi vann gjennom prosjektet kan få overføringsverdiar for meir heilskaplege forvaltningsordningar og formidling av større landskapsamanhengar.

5.2. Opplegg for dokumentasjon, evaluering og formidling av prosesser og resultater, herunder kriterier og indikatorer for resultatdokumentasjon

Tilfanget på dokumentasjon er stort, både på kulturminne og gjennom reiselivet.

Mykje av dokumentasjonen ligg der, det er utvalde kulturminne: Film, foto, presse. Prosjektet vil lage ei «scrapbook», samt presentasjonsvideo/dokumentasjonsvideo. Prosjektet går føre seg i eit hovudområde for Innovasjon Norge sitt arenaprogram, noko vi ynskjer å utnytte, mellom anna når det gjeld tilførsel av kompetanse.

5.3. Eventuell forskningsinnsats e.l. som knyttes til prosjektet

6. Økonomi (bruk tabellene nedenfor)

6.1. Finansieringsplan m/statusbeskrivelse

6.2. Budsjett fordelt på innsatsområder

6.3. Egeninnsats i timer

6.1 Finansiering av prosjektet			
<i>Finansiering</i>		<i>1000 kr</i>	<i>Status for tilskuddet mv</i>
<i>a)</i>	<i>Riksantikvaren, post 77 – søknadsbeløp</i>	<i>600</i>	
<i>b)</i>	<i>Andre statlige tilskudd</i>		
<i>c)</i>	<i>Fylkeskommune/Sametinget</i>	<i>600</i>	
<i>d)</i>	<i>Kommune</i>		
<i>e)</i>	<i>Private midler</i>		
<i>f)</i>	<i>Annen finansiering</i>		
SUM		1200	

Alle beløp oppgis i 1000 kr. I kolonnen for status oppgis hvorvidt tilskuddet mv er innvilget/vedtatt eller om søknad er sendt. I finansieringsplanen oppgis alle midler som inngår i prosjektbudsjettet. Eventuell øremerking av midler forklares.

6.2 Budsjett fordelt på innsatsområder

Innsatsområder		1000 kr
a)	Prosjektleiing (kjøpt teneste)	900
b)	Reiser	50
c)	Aktørinnvolvering/kurs frå Innovasjon	50
d)	Utvikling av digitale tenester på mobile plattformer	50
e)	Marknadsføring	50
f)		
g)		
h)		
SUM		1200

Ved søknad om dekning av lønnskostnader i prosjektet oppgis type stillinger og stillingsandel. Lønnsutgifter skal fortløpende belastes prosjektregnskapet. Søker føyer på egne innsatsområder i de ledige radene.

Dette er eit tentativt budsjett. Endeleg budsjett må vert utvikling i samband med utlysinga av anbodskonkurranse på prosjektleiing.

6.3 Egen arbeidsinnsats i timer		
Eier, institusjon, forening, dugnad		Timer
a)		
b)		
c)		
d)		
e)		
f)		
g)		
h)		
SUM		

I tabell 6.3 oppgis hvem (institusjon, forening eller dugnad) som står for innsatsen og anslagsvis hvor mange timer som antas å medgå i løpet av året. Lønnsarbeid som inngår i prosjektbudsjettet (tabellene 6.1 og 6.2) skal ikke regnes med her.

I tillegg til tabellene 6.1, 6.2 og 6.3 ser vi gjerne at søkerne redegjør for annen innsats og midler som virker sammen med prosjektet, for eksempel andre tilliggende prosesser og prosjekter, næringsstøtte eller antikvariske tilskudd som går direkte til tiltakshaver.

Dei involverte fylkeskommunane vil måtte leggje inn stor eigensinnsats i prosjektet.